



## **Kort oppsummering av prosessen fram mot ei overordna samhandlingsavtale for barnevernet i Vest - pr. 17.12.2010**

### **Bakgrunn og forankring:**

På initiativ frå ordføraren i Radøy handsama KS Hordaland sitt fylkesstyre sak om barnevernet hausten 2009 som resulterte i at mange fylkesstyre gjorde det same, og som igjen har støtta opp under arbeidet KS sentralt har hatt på gang. - I Hordaland blei saka frå Fylkesstyret sendt til alle kommunar i fylket som informasjon.

Som neste lekk i denne saka fatta KS Fylkesstyre vedtak om å kontakte Bufetat for å prøve å få på plass ei overordna samhandlingsavtale. Dette var i juni 2010.

### **Oppstart:**

Administrasjonen i KS tok kontakt til Bufetat Vest, og vi hadde møte 9.9. Der møtte direktør i Bufetat Vest saman med dir. for barnevern og leiar for vårt aktuelle område (Bergen og omegn) og to frå KS adm; – dagleg leiar og rådgjevar. Begge partar har over tid sett behovet for å få eit godt system på samarbeidet gjennom ei avtale. Alle såg at det var mogeleg å bygge på dei gode erfaringane frå arbeidet med avtale på helseområdet, i denne regionen.

Vi var enige om behovet for ei avtale og enige om at prosessen fram mot ei avtale var sentral. KS tok initiativ til å få på plass kommunar til ei arbeidsgruppe. Bufetat valte sine deltakarakarar. Første møte i arbeidsgruppa 6.oktober.

KS sendte informasjon til alle kommunar, og ba om at dei, så langt mogeleg, kunne samla seg regionvis om ein repr. til arbeidsgruppa. - KS tar ansvar for å koordinere arbeidet.

### **Deltakarar i arbeidsgruppa:**

Frå Bufetat:

Nina Bolstad, Hilde Baardsen og Sigrid Bakken

Frå kommunane:

Tove Helleland (Fjell, Sund, Øygarden & Askøy), Margrete Røkkum (Bergen),

Thore Austnes (Samnanger), Elin R Fossåen (Hardanger), Jon Askeland (Radøy).

Frå KS:

Astrid Toft

### **1.møte:**

Om det er litt tilfeldig (?) – alle regionar er representert. KS innkallar til møtet og leiar møtet. Første møtet er på tre timar (med litt mat...) Viktig med grundig presentasjon og bli kjent! Agenda i første møte: forventningar til dette, struktur på ei avtale og fordeling av oppgåver til neste møte, som er eit heildagsmøte.

Referatet har oppsummert forventningane og oppgåvene kvar einskild skal ha til neste møte.

## **2.møte:**

12.nov. Dagsorden: Gå gjennom det dei einstilte har førebudd som innhald til avtale. Gode og grundige diskusjonar om dei einstilte punkta. Viktig med ”lett tone” og humor....og god mat.

Buf-dir er med som observatør.

KS samlar innspel og skriv ut det som er første versjon på det som kan bli avtale. Denne vert sendt arbeidsgruppa for kommentarar, redigering, finpussing..

Forslag til avtale og prosessnotat vert og sendt KS og Bufdir til informasjon.

## **3.møte:**

Skal vere eit tre-timars jule-møte den 17.des.

Det er ikkje kommt inn endringsforslag, og vi har nokre punkt som enno er uklare og må konkretiserast i dette møte.

Det er laga ei forside med alle logoar på. Vi går gjennom avtaleforslaget punkt for punkt og rettar opp og legg til. – ALT fell på plass utan dei store diskusjonane. Vi kan avrunde møtet med å leggja ein plan for prosessen vidare mot underteikning.

## **Proessen vidare:**

\* Arbeidsgruppa får tilsendt avtaleforslaget, det er framleis ”unntatt offentlighet” – man kan gjerne drøftast/kvalitetssikrast med kritiske vener.

\* Frist for nye konkrete innspel frå arbeidsgruppa til KS er fredag 7.januar.

\* Etter det kan KS sende avtaleforslaget ut til alle kommunar, og Bufetat kan handsame forslaget.

\* For kommunane, som må ha dette til Kommunestyret, så må vi gje litt tid. Derfor skal KS ha dette som tema på Strategikonferansen 25. januar, Fylkesstyret 21. januar og oppmodet til handsaming i Kommunestyre i løpet av februar.

\* Då bør alt vere klart for eit arrangement for underteikning i slutten av februar (veke 8).

Den dagen skal ”krydrast” med to innlegg; eit om kommunikasjon og samhandling og eit om ”familieråd”. Vi skal også jobbe for å få med BLDep. Bergen kommune og Bufetat har informasjonsrådgjevarar som kan bidra til å skaffe merksemd i media. KS kan ta det praktiske ansvaret for den dagen.

A.Toft – KS